

Tromsøpalme eller Kjempebjørnekjeks.

08.07.2017



Tromsøpalme eller Kjempebjørnekjeks er ein giftig plante av Skjermplantefamilien. Planten dukkar stadig opp i Stølavikjo og nær kunstgrasbanen.

Tromsøpalme eller Kjempebjørnekjeks, det er to planter som er nær i slekt og som har dei same eigenskapane. For nokre år sidan vart det gjort eit stort arbeid med å få bukt med den giftige planten av Skjermplantefamilien. Med SMIL midlar og fagleg hjelp frå Kåre Hauge kom ein langt på veg. No dukkar planten opp i det same område på Stølavikjo og nær den nye kunstgrasbanen.

Kjell Yri var aktiv i arbeidet med fjerning av planten for 10 år sidan. Han fortel at planten er toårig. Frø som ikkje spirer eit år, kjem tilbake det neste året. Saft frå planten i sollys kan føra til brannså. Ein fjernar Trømsøpalmen ved å skjera av blomen eller kutta heile planten med ljå.

Svein Rimestad med store kunnskapar om planter fortel til Uskedalen.no at det gjeld å hindra frøspreiing, men ein må ikkje ta planten for tidleg. Planten må få veksa seg stor, noko ein vil sjå på sjølve skjermen. Mange av slektene i Skjermplantefamilien er giftige og det bør nyttast hanskar når ein jobbar med planter i kjempebjørnekjekslekta, seier Rimestad. Variasjon i klima og jordsmonnet er avgjerande for kor lenge frøet kan overleva frå eit år til eit anna.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal